

Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: d3ec4e4c-9119-48c8-ade8-e2e0a2f265d2

Vår: 22/4401 - 22/55193

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

05.07.2022

Uttale til søknad om dispensasjon LNF og bruksendring frå løe til forsamlingslokale - gbnr 125/10 Kjeilen indre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNFR-område og frå krav i TEK for bruksendring av løa til forsamlingslokale. Det skal etablerast tilbygg, fasadeenring, parkeringsplassar i tillegg.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindåsneset og Mongstad 1263-200905 er definert som LNFR-føremål

Nibio gardskart syner at bruket er registrert med 4 daa fulldyrka jord, 10,2 daa overflatedyrka jord, 15,6 daa innmarksbeite og 95,1 daa produktiv skog, 188,8 daa er anna markslag og 4 daa er bebyggd/samferdsel.

Det er berre om lag ¼ av gardsbruka i Alver som vert drive av eigar, og det vil sei at det står eit stort tal driftsbygningar som ikkje er i bruk til husdyrproduksjon. Søkjar opplyser at jorda er leigd vekk til nabo som driv og at han ynskjer å bruksendra låve til forsamlingslokale. Landbruksavdelinga meiner dette kan vera positivt for å skapa næringsinntekter til garden og gje eit tilbod til lokalbefolkninga. Det er fleire gode dømer på liknande prosjekt i Alver og landbruksavdelinga vil rå til at det vert gitt dispensasjon til bruksendring.

Det er naudsynt med parkering til eit slikt lokale, men det er uheldig at denne vert etablert delvis på dyrka mark. Jordvernet er ei viktig samfunnsinteresse og dyrka mark skal i utgangpunktet ikkje nyttast til andre føremål enn jordbruksproduksjon.

Den delen av parkering som ligg lengst mot sør på overflatedyrka jord ynskjer Landbruksavdelinga å foreta synfaring og eventuelt ha dialog med søker om det finst andre alternativ for parkering enn det som er synt i søknad. Ein vil då koma attende til handsaming etter jordlova.



Det er den delen av parkeringsplassen som er merka med gult som krev omdisponering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG